# AVTALE OM DEPONERING AV FOTOGRAFI /FOTOSAMLINGAR

inngått mellom

**Wenche Horne (deponent)**

~~Sollerudsveien 23E~~ Sigurd Iversensvei 45A, 0281 Oslo

wenchehorne@hotmail.com

Telefon: 995 20 201

Fødselsdato: 11.05.1950

og

**Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane (SFF)**

Askedalen 2, 6863 Leikanger

fylkesarkivet@sfj.no

Telefon: 57 65 61 00

Org. nr. : 941 388 841

## 1. Gjenstand for avtalen

Denne avtalen gjeld samling med originalt fotografisk materiale etter fotograf Else Aarseth, samlingsnummer: SFFf-2004037.

## 2. Føremål

Føremålet med deponeringa er at fotomaterialet skal bevarast for ettertida og i samsvar med vilkåra i denne avtalen kunne bli tilgjengeleggjort for publikum.

## 3. Eigedomsrett

Eigedomsretten til det deponerte materialet ligg hos deponenten.

## 4. Opphavsrett

Alle rettar i høve til åndsverksloven ligg hos deponenten .

Rettane varer i 70 år etter utløpet av dødsåret til opphavsmannen, jf. paragraf 40 i åndsverksloven.

Uavhengig av kor lenge rettane varer har opphavsmannen krav på å bli namngitt ved attgjeving av verka, jf. paragraf 3 og paragraf 11 i åndsverksloven.

Dokid: 18074367 (17/2830-4)
Avtale om deponering av fotografi/ fotosamlingar

**5. Publisering, bruk og utlån**

For materiale som er verna etter lov om opphavsrett til åndsverk m. v. (åndsverksloven), må ein ha løyve frå rettshavar for å framføre materialet til ålmenta, publisere materialet i trykt form og på internett m.v. Visse former for bruk er tillat etter lånereglane i åndsverksloven, for eksempel ved sitat og kopiering til privat bruk.

Etter forskrift til åndsverksloven av 21. desember 2001 nr. 1563, kan SFF lage digitale kopiar for konserverings- og sikringsformål som kan formidlast på terminalar i eigne lokale til enkeltpersonar sine forskingsformål eller private studieformål.

Deponenten gir vidare SFF løyve til å fritt bruke materialet i eiga verksemd. SFF kan fritt framstille kopiar av materialet, offentleggjere/publisere materialet, inkludert på internett, og formidle kopiar av materialet til ålmenta. Ved all kopiformidling kan SFF krevje vederlag for kopieringsutgifter frå bestillar i tråd med SFF si til ei kvar tid gjeldande prisliste for fototenester.

Deponenten kan fritt låne materialet til eigen bruk uansett føremål. Slikt utlån skal registrerast hos SFF. Deponenten må sjølv koste utgifter til transport i samband med slikt utlån. Dersom deponenten tingar kopiar av materialet frå SFF, må deponenten dekke utgifter til dette i tråd med den til ei kvar tid gjeldande prislista for fototenester.

**6. Oppbevaring**

SFF er forplikta til å oppbevare materialet i samsvar med krav i arkivlova. Det vil seie at SFF skal sikre samlinga mot brann og vasskader samt ha ansvar for oppbevaring og fagleg handtering av materialet.

SFF har rett til å søkje fagleg bistand i samband med bevaring av fotomaterialet slik dei finn det naudsynt. Eventuelle kostnader ved dette dekkjast av SFF.

**7. Kostnadar**

Kostnadar til transport og oppbevaring av materialet skal dekkjast av SFF.

**8. Opphøyr av avtalen**

Begge partar kan seie opp avtalen med 2 – to – års varsel. Dersom det er fleire deponentar i fellesskap må oppseiing skje av alle i fellesskap.

Kostnader til tilbakeføring av det deponerte materialet til deponenten skal dekkjast av den parten som seier opp avtalen.

Eventuelle kopiar laga av SFF og oppbevart her er SFF sin eigedom med mindre SFF seier opp avtalen. Kopiane kan nyttast i tråd med denne avtalen utan vederlag.

**10. Når deponenten døyr**

[ ] Depositumet held fram.

[ ] Depositumet (eigedomsrett og opphavsrett) vert overdrege til SFF jf. testament: ........Ja........

Denne avtalen er utarbeida i 2 eksemplar – eitt til kvar av partane

1. mai 2018

Stad/dato Oslo ~~1.juni 2018~~ Stad/dato Hermansverk, 9/5-18

Wenche Horne Elin Storesteevik

Deponent Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane